



Reglar og rettleiing for elevar på eksamen i grunnskolen

Skriftleg eksamen 25. mai 2018, engelsk

- Kvar elev set seg straks på plass. Eleven må ikkje forlate denne plassen utan lov.
- Alle spørsmål skal gå til ei vakt.
- Start kl. 9.00. Kandidatar som kjem seinare enn klokken 10:00 får ikkje gjennomføre eksamen.
- 5 timar + 15 min. for å levere prøvesvara.
- Kandidatar kan ha rett til utvida tid. Dei har på førehand levert legeerklæring.
- Pause, gje teikn til vakt og den er med deg ut. Ein får ikkje gå ut av eksamenslokalet før etter kl. 10.
- Det må vere heilt stille og roleg i romma når det blir jobba med oppgåvene.
- Kandidatnummer og passord, ikkje skriv namnet dykk nokon stad.
- <https://pgsa.udir.no>, dagspassord – ein vaksen loggar på.
- Telefonar (lydløs) og klokker vert samla inn.
- Alle hjelpemiddel er tillate, men ikkje opent internett og kommunikasjon.
- Elevane skal få utlevert alt kladdepapir som skal ha skulen sitt stempel.
- Alle kladdeark må leverast inn, og vil ikkje bli utleverte før prøva er slutt.
- Kladdeark skal normalt ikkje følgje med eit prøvesvar. Men dersom rimeleg grunn har hindra eller forseinka arbeidet til ein elev, kan kladden leggjast ved. I slike tilfelle vil sensorane kunne sjå bort frå at ein del av svaret ligg føre på kladd.
- Lever eksamen – gje teikn til vakt når du meiner at du skal levere eksamen. Vakta skal godkjenne og sjå at du gjer det rett. Du blir sitjande på plassen din til du får lov å gå.
- Fusk – eksamen vert annullert, standpunktkarakteren fell bort.
- **Dersom ein elev ikkje kan møte til eksamen på grunn av sjukdom, må skulen få melding så snart som mogeleg. Gyldig fråver krev legeattest.**

Hafslo, 08.05.18

Hilde Holte Selland, rektor

